Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalevik

Gard: Kvalevik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bruken av mjelk har i den siste mannsalder auka mykje, og monaleg i tida etter siste verdskrig.

2. Til leskedrykk er surmjelk og saup blanda med vatn mykje brukt.

3. Mjelk attåt turrmat blandast det ikkje noko i, undateke surmjelk som det blandast sukker i. Dette har vore og er det vanlege. Ord som bleng, blende, skyr og primblende, er ukjende ting i denne samanheng.

4. Heimebryggjing er noko som korkje har vore eller er brukt her. Berre gjenom det ein får höyra og les, veit ein om at noko sovore er til andre stader.

5. Når, og i kva höve ein tok til med å drikka kaffi her i bygda, er vanskeleg å kunne svara på, men må ein ha lov å tru at det tok til straks når kaffien vart teken i bruk her til lands.

6. Kaffi vil ein tru, alle dagar har vore brukt like mykje til kvardags som til helg, og at det i bygda her brukast over måte mykje kaffi

11205

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tilkosi – koffevatn som dei kalla det – tilsett koffien, var mykje brukt før.

7. Med eintak av middag, er koffi mest på brukt til kvart målmål.

8. Koffien lagast på ymse måtar.

Sume har koffien på kjelen samstundes med vatnet, andre har koffien på når vatnet er komne på kok, medan andre att tek kjelen av elden når vatnet kokar, har so koffien oppi og let han stå og trekkje ei stund.

Salt i koffien har ein ikkje høyrd om har vore brukt, derimot veit ein at klåreskinn har før vore brukt men ikkje no.

Koffien seie ein helst skal vera klår, men det kan likevel høve til i eit koffi-lag at sume for moro skuld ynskjer seg spådd i grauten, og er då regelen den at ingen tek spådomen ålvorleg, men ser det heile ~~meir~~ som ein gjengse fantastisk tullskap.

9. Tilskot til koffien er lite brukt, dei som brukar det, bruka då raffinade.

10. Det vanlege ein brukar i koffien er fløyte, og har ein ikkje fløyte er det mjølk i staden. Er det so ein er fri for båe fløyte og mjølk, veit ein at det har vore brukt å vispa egg i koffien.

No er det mange som helst drikk koffien svart. I festar o.d. vert det no spurd om kva ein ynskjer ~~—~~ svart eller kvit koffi.

11. Te brukast det lite av her. Det kan ein kunde gong høve til ein har

te til kveld.
Før var karve nokko brukt som te, men
om andre heimlege planter var brukt,
veit ein ikkje nokko om.
12. Brennevin er no det minste av det
som vert brukt. Det hender no at ein=
skilde tek seg ein tår over tyrsten sume
tider, t.d. ved dei store høgtider som jul,
17 mai, brudlaupar m.fl., men i det store
og heile er brennevin ytterst lite brukt.
Det er truleg at brennevin var meir brukt
før enn det no er.
Brennevin ved ekstra arbeid er ikkje brukt,
men når det er at taket på eit nybygg er
lagd, er det i nokko mon brukt i det dei
kallar eit kranselag.
13. Øl, vørteröl, selters, brus o. a. sovore,
har ikkje og er heller ikkje nokko kvardags=
drykk, men i det småe brukt ved festle=
ge tilskipingar.

11205